



Norges vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
13/576-11		Monika Lysne	57 64 12 45	K2-S11	21.10.2013

Ofta Kraft AS - søknad om utbygging av kraftverk i Oftaelvi

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret stiller seg positive til bygging av kraftverk i Oftaelvi, med følgjande innspel til avbøtande tiltak og tilleggsutgreingar:

- Det må gjerast vurdering av fare for flaumskred i Oftaelvi (av fagkundige)
- Masseplassering må avklarast med kommunen får konsesjon vert gjeve
- Det bør vurderast auka minstevassføring for å vera føre-var negative konsekvensar for fisk og fossesprøytavhengige raudlistartar
- Det må i anleggsfasen leggjast stor vekt på at inngrepet vert gjort så skånsomt som mogleg for natur, miljø, kulturminne og friluftsliv, og at det vert tilstelt og planta til i området etter anleggsperioden er ferdig.

01.10.2013 FORMANNSKAPET

FS-129/13 TILRÅDING:

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå rådmannen.

17.10.2013 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedlegg frå Lærdal SV:

Kommunestyret stiller seg positive til bygging av kraftverk i Oftaelvi, men krev

følgjande avbøtande tiltak og tilleggsutgreiingar før konsesjon kan gjevast:

- Det må gjerast vurdering av fare for flaumskred i Oftaelvi (av fagkundige)
- Masseplassering må avklarast med kommunen før konsesjon vert gjeve
- Det må vurderast auka minstevassføring for å vera føre-var negative konsekvensar for fisk og fossesprøytavhengige raudlistartar
- Det må i anleggsfasen leggjast stor vekt på at inngrepet vert gjort så skånsomt som mogleg for natur, miljø, kulturminne og friluftsliv, og at det vert tilstelt og planta til i området etter anleggsperioden er ferdig.

Framlegg til vedtak frå Olav Grøtnebø Lærdal Venstre:

Kommunestyret stiller seg positive til bygging av kraftverk i Oftaelvi, med følgjande innspel til avbøtande tiltak og tilleggsutgreiingar:

- Det må gjerast vurdering av fare for flaumskred i Oftaelvi (av fagkundige)
- Masseplassering må avklarast med kommunen før konsesjon vert gjeve
- Det bør vurderast auka minstevassføring for å vera føre-var negative konsekvensar for fisk og fossesprøytavhengige raudlistartar
- Det må i anleggsfasen leggjast stor vekt på at inngrepet vert gjort så skånsomt som mogleg for trafikktryggleik, natur, miljø, kulturminne og friluftsliv, og at det vert tilstelt og planta til i området etter anleggsperioden er ferdig.

KS-064/13 VEDTAK:

Det vart fyrst røysta over framlegget frå Lærdal SV som fall med 2 mot 14 røyster.

Det vart deretter røysta over tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Olav Grøtnebø Lærdal Venstre:

Framlegget frå Lærdal Venstre vart vedteken med 16 røyster.

Ine Nyseth gjekk frå som ugild ved behandling av saka.

Med helsing

Monika Lysne
arealplanleggjar

